

Møte i FAU 8. november-22

Tilstades:

Agata Klawikowska, Silje Talgø Klakegg, Alexander Montgomery-Andersen, Fredrik Spanne Fausk, Kristina Roda Reilstad, Tove Bergjord Tysdal (teams), Trond Egil Sivertsen, Vidar Skavland, Øyvind Eggebø og Reidun Aabrekk Bråtveit.

1. Godkjenning av referat frå forrige møte

Referatet godkjennast og publiserast på minskole.

2. Konstituering av ny medlem i SU/SMU

Trond Egil går inn som ny representant. Alexander vara.

3. Gjennomgang av referatet frå SU/SMU

Veldig kjekt for elevane med ny ballbinge. Vellukka hausstur; denne er viktig som miljøtiltak for skulen. Plan for godt læringsmiljø. TL fungerer godt på barnetrinnet, men ikkje fullt så godt på ungdomstrinnet. Det er ofte same aktiviteten. Det arbeidast med forbetring.

Digitale verktøy som skulen brukar: Korleis auke kompetansen til foreldra? I undersøkjinga FAU hadde ang samarbeid heim-skule, kom det fram at foreldra ynskjer auka kompetanse i dei digitale verktøya skulen brukar. Korleis kan me gjere det på ein god måte? Det vart ikkje tid til å kome med innspel, og saka blir tatt opp igjen neste SU-møte.

4. Oppdatering frå klassane. Korleis går det med klassearrangement?

Mange klassesetrinn har hatt eller skal ha arrangement. FAU oppfordrar til minst to arrangement pr skuleår. Foreldrekontaktane er ansvarlege for å gjennomføre dette, eller velje ein komité.

5. 10. trinn «Bry deg»- Eit foredrag om narkotika. Trond Egil informerer.

Trond Egil informerer om «Bry deg». Vidar har óg vore i kontakt med aktuell foredragshaldar. Leiar kontakter leiinga ved skulen og inviterer til felles møte med uteseksjonen.

6. Sak frå KFU

Tove informerer om justering av skulegrensene ved Nylund skole. Dette er kun ei orienteringssak og det er inga endring for Finnøy skule.

7. Stavangerstandarden for heim-skule. Konkretisering av satsingsområde.

FAU brukte mykje tid på punkt 5 og vil bruke ressursar på foredrag om narkotika då me meiner dette er viktig her og no. Denne saka overførast til seinare møte.

8. Temakveld-idémyldring.

FAU planlegg ein temakveld i januar/februar for føresette og evt elevar.

9. Ymse. Dato for nytt møte i januar.

Det blir ekstra møte i FAU 15. desember, og møte i januar/februar blir avtalt då.